

# Radøy kommune

## Saksframlegg

Saknr	Utval	Type	Dato
053/2016	Formannskapet i Radøy	PS	01.06.2016
031/2016	Kommunestyret i Radøy	PS	15.06.2016

Sakshandsamar	Arkivsaknr.:	Dokumentnr.:
Monika Soltveit Gabrielli	16/224	16/6930

### Forskrift om sal, skjenking og opningstider for alkoholhaldig drikke

#### Saksopplysingar:

##### Bakgrunn

Alkoholpolitiske retningsliner vart sist vedteke i *Ruspolitisk handlingsplan* sak 23/11.

I kommunestyremøtet 3. mars 2016 vart det i sak 008/2016 gjort vedtak om at sals- og skjenkestadane i Radøy får tilbod om å forlenga sals- og skjenkeløyve utan søknadsprosess.

I saksutgreiinga frå møtet stod det at:

*«Det er frå 1.1.2016 gjort endringar i alkohollova som seier at ein kan vika unna frå hovudregelen (alkohollova § 1-7, tredje ledd), dersom vilkår er oppfylt. Vilkåret er at noverande kommunestyre må ha vedteke alkoholpolitiske retningsliner (alkohollova §1-7, fjerde ledd). Retningslinjene vil bli lagt fram for kommunestyret i juni».*

På bakgrunn av dette må alkoholpolitiske retningsliner bli vedtekne før ein kan gjera endeleg vedtak om forlenging av skjenkeløyve for kvar einskild sals- og skjenkestad.

Forslag til retningsliner vert lagt fram i forskrifts form.

Punkta i framlegg til forskrift er identiske med vedtak frå kommunestyret 29. juni 2004 og retningslinjene i *Ruspolitisk handlingsplan*, med tre endringar:

**Punkt 1 om bevillingsperiode** i tråd med vedtak i kommunestyret 3. mars 2016.

**Punkt 2c** er lagt inn som eit tillegg fordi dette ikkje stod eksplisitt i planen frå før. Det er praktisert opningstid til kl. 16.00 på desse dagane, og dette vert no fastsett i retningslinjene.

**Punkt 2d:** Her er delar av setninga teke vekk fordi alkohollova § 3-7 tredje ledd er endra på tilsvarande måte. Følgjande er teke vekk: «(...) og på røystedagen for stortingsval, fylkestingsval,

kommunestyreval og folkerøysting vedteke ved lov, jf. alkohollova § 3-7 tredje ledd».

Rådmannen legg fram forslag om retningsliner som ei forskrift, med heimel i følgjande lovparagrafar: LOV-1989-06-02-27-§3-7, LOV-1989-06-02-27-§4-4, LOV-1997-06-13-55-§15

### **Prosesskrav ved fastsetting av forskrift**

Prosesskrava følgjer av forvaltningslova kapittel VII.

Krav til utgreiing, førehandsvarsling og uttalerett følgjer av forvaltningslova § 37:

*«Offentlige og private institusjoner og organisasjoner for de erverv, fag eller interessegrupper som forskriftene skal gjelde eller gjelder for eller hvis interesser særlig berøres, skal gis anledning til å uttale sig før forskriften blir utferdiget, endret eller opphevet. Så langt det trenges for å få saken allsidig opplyst, skal uttalelse også søkes innhentet fra andre.»*

Vidare følgjer det krav til kunngjering etter forvaltningslova § 38c. Når det ligg føre vedtak i kommunestyret må vedtaket kunngjerast i lokalavis og på eiga heimeside, eventuelt også i Norsk Lovtidende. Kunngjeringa må minimum innehalda kort omtale av forskrifta med opplysningar om kvar forskrifta er å finna, jf. forvaltningslova § 38(2).

Forskrifta vart i formannskapssak 036/2016 vedteke lagt ut til offentleg ettersyn med frist den 9. mai 2016. Kunngjering i avisa Strilen, på nettsidene til Radøy kommune og på kommunen si facebookside.

Det kom ikkje inn forslag eller merknadar til forskrifta.

### **Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

Forskrift om sal, skjenking og opningstider for alkoholhaldig drikke vert vedteke slik den ligg føre.

### **Formannskapet i Radøy - 053/2016**

#### **FS - handsaming:**

Else Marie Skartveit Dale (KrF) meiner det må forplikta å vera barne- og ungdomskommune, og ho ønskjer å gje ei handsrekking til dei unge som slit med alkohol i heimen og som kvir seg til jul.

*Skartveit Dale kom med følgjande framlegg:*

I punkt 2c vert "jule-" stroken frå opplistinga.

*Ho sette fram følgjande tilleggsframlegg som punkt 2e i forskrifta:*

Det er ikkje tillate med sal og utlevering av alkoholhaldige drikkevarer på julafta.

Kenneth Murberg (H) retta fokus mot ein mogleg samanheng mellom ruskjøring på dagtid og tidleg opningstid for sal av alkoholhaldige drikkevarer i butikkane. Alkohollova opnar for at det på

kvardagane kan seljast alkohol i butikkane mellom kl. 08.00-18.00 på kvardagar. Murberg ønskjer ei vurdering frå lensmannen i Nordhordland om det er nokon med alkoholproblem som kjøper alkohol tidleg, og at desse kan tenkjast å kjøra i ruspåvirka tilstand og skapa utrygge situasjonar for t.d. skuleborn på veg heim. Han reiste spørsmål om det kan vera ein tanke å innskrenka salstida om morgonen til t.d. kl. 09.00.

Formannskapet ba ordføraren følgja opp denne problemstillinga overfor lensmannen i Nordhordland.

Formannskapet vedtok samrøystes rådmannen sitt framlegg til vedtak, med Else Marie Skartveit Dale (KrF) sitt framlegg sett fram i møtet.

### **FS - vedtak:**

Forskrift om sal, skjenking og opningstider for alkoholhaldig drikke vert vedteke slik den ligg føre, med følgjande endring:

I punkt 2c vert "jule-" stroken frå opplistinga.

Det er ikkje tillate med sal og utlevering av alkoholhaldige drikkevarer på julafta.

### **Kommunestyret i Radøy - 031/2016**

#### **KS - handsaming:**

Else Marie Skartveit Dale (KrF) meiner det gir ein viktig signaleffekt å gjera vedtak om ikkje å selja eller levera ut alkoholhaldige varer på julafta. Ho meiner også det forpliktar Radøy som barne- og ungdomskommune å stå på dei svakaste si side.

Frode Hervik (H) ser ingen ruspolitiske omsyn i å stoppa omsetnaden på julafta, og Lena Bø Nilsen (Frp) fryktar at eit slikt vedtak faktisk kan føra til meir hamstring og skapa større problem i heimane.

*David Pletten Aasgard (KrF) sette fram følgjande framlegg:*

Opningstida for alkoholsal i butikk vert sett til kl. 10.00.

Henning Haugland (H) viste til situasjonen for puben på Bø, som praktiserer skjenketid på terrassen fram til kl. 02.00, som for resten av lokalet. I forskrifta er alkoholserving for uteserving sett til kl. 23.00.

*Haugland kom med følgjande framlegg:*

Skjenketida på terrassen vert den same som resten av publokalet til kl. 02.00.

Det vart ei drøfting rundt servering på terrassen på puben på Bø, og det vart vist til at dette "uteområdet" tidlegare er vedteke som ein del av det samla arealet for puben.

Leif Taule (Sp) meiner det tidlegare er gjort vedtak om skjenketider som ikkje er fanga opp i framlegg til ny forskrift.

Thomas Rikstad (H) konkluderte med at det er ein del usikre moment i saka.

*Rikstad sette difor fram følgjande framlegg:*

Saka vert utsett.

Kommunestyret vedtok samrøystes utsetjingsframlegget frå Thomas Rikstad (H).

**KS - vedtak:**

Saka vert utsett.

**Vedlegg:**

Forskrift om sal, skjenking og opningstider for alkoholhaldig drikke